SUNNFJORD HOTELL AS

Sunnfjord Hotell AS

Orientering frå Styret 2020

Og

Årsregnskap 2020

SUNNFJORD HOTELL AS
Langebruvegen 21
N-6800 FØRDE
NO 918 804 943 MVA

Postadresse
Postboks 158
N-6801 FØRDE

Bankkonto
3700 05 10700

SUNNFJORD HOTELL AS

Orientering frå Styret år 2020

Innleiing.

Sunnfjord Hotell AS hadde i 2020 ei omsetning på ca kr 8,735 mill.

Verksemda si art.

Verksemda til Sunnfjord Hotell AS er utleige av fast eigedom i Førde.

Vedlikehald/ investering.

Selskapet har i 2020 starta utbygging av ny konferansesal. Dette har ei budsjettramme på 75 millonar eks mva.

Planlagt vedlikehald / nybygg 2021.

Selskapet har i år 2021 ikkje sett av noko til spesielt vedlikehald, men det er planlagt utbygging av 1 romfløy. Denne har ei kostnadsramme på 15 millionar eks.mva.

Rettvisande oversikt over utvikling og resultat.

Sunnfjord Hotell AS si inntekt er basert på prosentar av Scandic Sunnfjord Hotell & Spa AS si omsetning. Inntekta for 2020 var kr 8,735 mill. I 2019 var den kr 16,8 mill. Avviket skuldast i sin heilheit Koronapandemien.

Selskapet sin totalkapital ved utgangen av 2020 var kr 93,858 millionar samanlikna med kr 71,86 millionar året før. Eigenkapitalandelen pr. 31.12.20 var på 44,7 %, samanlikna med 58,8 % året før. Gjelda ved utgangen av 2020 er kr 51,9 mill. mot kr 29,6 mill. året før.

Styret meiner at årsrekneskapen gir ei rettvisande oversikt over Sunnfjord Hotell AS sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Hotellnæringa vart råka av coronakrisa i mars 2020 og aktiviteten ved Scandic Sunnfjord Hotell & Spa AS er sterkt redusert. Styret syner derfor til note nr. 10 til rekneskapen som gir uttrykk for Styret sitt syn på situasjonen.

Fortsatt drift.

I samsvar med rekneskapslova §3-3 stadfestast det at føresetnaden om fortsatt drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

Aksjane i Sunnfjord Hotell AS

Selskapet har 18.528 aksjar pålydande kr 500,-. Det er ikkje avsett noko til utbytte.

Godtgjersle til styret.

Styret har halde 3 styremøte og handsama 9 saker i 2020. Styret gjer forslag overfor generalforsamlinga om eit styrehonorar for år 2020 på kr 50.000,- til formannen og kr 25.000,- til øvrige styremedlemmar.

Arbeidsmiljø.

Selskapet har pr. 31.12.2020 ingen tilsette. Dagleg leiar funksjonen vert dekka av FGH – Invest AS gjennom leige av Jonny Tjønn.

Framlegg til disponering av årsresultat

Årsunderskot etter skatt	kr - 297.349,-
Som vert tilrådd brukt slik:	
Overført fra eigenkapital	kr 297.349,-
Sum overføringar	kr - 297.349,-

Førde, 31. desember 2020
20.05.2021

Per Storegjerde
-Styreleiar-

Svein Bj. Nordal
-styremedlem-

Andreas Rønnekleiv
-styremedlem-

Jonny Tjoan
-dagleg leiar-

Årsrekneskap 2020
Sunnfjord Hotell AS

Rapport frå styret
Resultatrekneskap
Balanse
Rapport frå revisor

Org.nr.: 918 804 943

Resultatrekneskap

Sunnfjord Hotell AS

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2020	2019
Leigeinntekter		8 735 224	16 822 736
Sum driftsinntekter		**8 735 224**	**16 822 736**
Lønskostnad	2	198 828	110 600
Avskriving	3	5 647 223	6 345 299
Annan driftskostnad	2, 4	2 646 092	4 231 012
Sum driftskostnader		**8 492 144**	**10 686 911**
Driftsresultat		**243 081**	**6 135 825**
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		82 011	126 991
Anna finansinntekt	5	126 512	126 262
Annan rentekostnad		852 324	869 759
Resultat av finanspostar		**-643 801**	**-616 506**
Ordinært resultat før skattekostnad		-400 721	5 519 320
Skattekostnad på ordinært resultat	8	-103 372	1 191 747
Ordinært resultat		**-297 349**	**4 327 573**
Årsresultat		**-297 349**	**4 327 573**
Overføring			
Avsett til utbytte		0	1 389 600
Avsett til annan eigenkapital		0	2 937 973
Overføring frå annan eigekapital		297 349	0
Sum overføringar		**-297 349**	**4 327 573**

Balanse

Sunnfjord Hotell AS

Eigedelar	Note	2020	2019
Anleggsmiddel			
Immaterielle eigedeler			
Utsett skattefordel	8	3 325 477	2 893 273
Sum immaterielle eigedelar		**3 325 477**	**2 893 273**
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	75 387 111	52 365 704
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	3	324 801	419 701
Sum varige driftsmiddel		**75 711 912**	**52 785 405**
Finansielle driftsmidler			
Investeringar i aksjar og partar	5	3 970 263	3 970 263
Sum finansielle anleggsmiddel	5	**3 970 263**	**3 970 263**
Sum anleggsmiddel		**83 007 652**	**59 648 941**
Omløpsmiddel			
Krav			
Kundekrav	1	313 444	305 074
Andre kortsiktige krav	1	3 759 433	178 944
Sum krav		**4 072 877**	**484 018**
Bankinnskot, kontantar og liknande		**6 777 577**	**11 727 346**
Sum omløpsmiddel		**10 850 454**	**12 211 364**
Sum eigedelar		**93 858 106**	**71 860 305**

Balanse

Sunnfjord Hotell AS

Eigenkapital og gjeld	Note	2020	2019
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	9	9 264 000	9 264 000
Sum innskoten eigenkapital		**9 264 000**	**9 264 000**
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	9	32 706 264	33 003 613
Sum opptent eigenkapital		**32 706 264**	**33 003 613**
Sum eigenkapital		**41 970 264**	**42 267 613**
Gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	6, 7	42 500 000	24 381 418
Sum anna langsiktig gjeld		**42 500 000**	**24 381 418**
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		8 548 055	453 886
Betalbar skatt	8	328 832	1 705 929
Skattetrekk og andre trekk		11 516	503 133
Utbytte		0	1 389 600
Anna kortsiktig gjeld		499 439	1 158 726
Sum kortsiktig gjeld		**9 387 841**	**5 211 274**
Sum gjeld		**51 887 841**	**29 592 692**
Sum gjeld og egenkapital		**93 858 106**	**71 860 305**

20 MAI 21

FØRDE

Styret i Sunnfjord Hotell AS

Per Storegjerde
styreleiar

Andreas Rønnekleiv
styremedlem

Svein Bjarne Nordal
styremedlem

Jonny Tjønn
dagleg leiar

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er oppsett i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak

Salsinntekter
Salsinntekter vert inntektsført ihht.oppteningsprinsippet, når vara er levert og tenesta utført.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld
Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifiserte som omlaupsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eitt år er uansett klassifiserte som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av gjeld er analoge kriterium lagde til grunn.

Anleggsmidlar er vurderte til anskaffingskost, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er forventa å ikkje vere forbigåande. Anleggsmidlar med begrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Omlaupsmidlar er vurderte til lågast av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.
Nokre postar er i samsvar med rekneskapslova vurderte etter særlege vurderingsreglar. Det vert gjort nærare greie for desse nedanfor.

Varige driftsmidlar
Varige driftsmidlar vert avskrivne over forventa økonomisk levetid. Avskrivingane er fordelte lineært over antatt økonomisk levetid.

Andre anleggsaksjar og andelar
Anleggsaksjar og andelar der Sunnfjord Hotell AS ikkje har monaleg påverknad vert førte i balansen til anskaffingskost. Investeringane vert nedskrivne til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande. Motteke utbytte og andre utdelingar frå selskapa vert inntektsførte som andre finansinntekter.

Fordringar
Kundefordringar og andre fordringar er oppførte til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap er føreteke på grunnlag av ei individuell vurdering av kvar enkelt fordring. Det er ikkje føreteke uspesifisert avsetjing då det ikkje er forventa tap på øvrige kundefordringar.

Skattar
Skattar vert kostnadsførte når dei påløper, det vil seie at skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultatet før skatt.

Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på den skattepliktige inntekta i året) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden er fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære postar i høve til skattegrunnlaget.

Note 2 Lønnskostnader, tal tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.m.

Lønnskostnader	**2020**	**2019**
Løner,feriepengar	80 640	0
Arbeidsgjevaravgift og andre sos. kostnadar	18 188	10 600
Andre ytingar	100 000	100 000
Sum	**198 828**	**110 600**
Gjennomsnittleg tilsette i år	0	0

Ytingar til leiande personar	**Dagleg leiar**	**Styre**
Løn dagleg leiar	72 000	0
Anna godtgjersle		0
Kostnadsført honorar innleigd dgl.leiar	433 000	
Styrehonorar (driftsåret 2020)	100 000	100 000

Dagleg leiar eg leigd inn frå FGH Invest AS
Det er ikkje gitt lån/stilt trygd til dagleg leiar,styreleiar eller andre nærståande partar.
Det er ikkje gitt lån eller stilt trygd som utgjer meir enn 5% av selskapets eigenkapital

Revisor	**I år**	**I fjor**
Revisjon	60 100	48 500
Andre tenester	0	5 600
Sum honorar til revisor	60 100	54 100

Note 3 Varige driftsmidlar

	Bustader og tomtar	Hotell-eigedom	Anlegg under arbeid	Inventar og utstyr	Totalt
Anskaffingskost 01.01	2 631 188	129 953 482		66 503 730	199 088 400
Avgang i år,bokf.verdi					
Tilkome i år			28 573 730		28 573 730
Anskaffingskost 31.12	2 631 188	129 953 482	28 573 730	66 503 730	227 662 130
Avskrivingar, nedskrivingar og reverserte nedskrivingar 01.01	0	90 494 157		55 808 838	146 302 995
Oppskrivne før 01.01					0
Akk. avskrivingar 31.12	0	93 319 980	0	58 630 238	151 950 218
Reverserte nedskrivingar 31.12					0
Balanseført verdi per 31.12.17	2 631 188	36 633 501	28 573 730	7 873 492	75 711 912
Avskrivingar i året	0	2 825 823	0	2 821 400	5 647 223
Nedskrivingar i året	0	0		0	0
Økonomisk levetid		20-50 år		3-10 år	
Avskrivingsplan		Lineær		Lineær	

Tilkome i år. Under arbeid
Ombygging 4.etg Kurs-Konferanseavdeling

Note 4 Festekontraktar

Det totale tomteareal som Sunnfjord Hotell disponerer er på 24.646 kvm. Halvparten av dette (12.358 kvm) er festa grunn.
Alle festekontraktar er inngådde for 99 år og utgår i perioden 2066-2079.

Kostnadsført festeavgift for 2020 utgjer kr. 252.363

Note 5 Finansielle anleggsmidlar

Selskap	Selskapets totale aksjekapital	Tal	Pålydande	Bokf.verdi
Futurum AS	31 608 000	3512	1 000	3 522 000
Futurum AS, kjøp 2018		147	1 000	327 663
Førde Gjestehus og Camping AS	1 350 000	50	1 000	50 000
Fjord Norge	3 865 000	3	5 000	15 000
Reisemål Sunnfjord AS	fusjonert			
Sunnfj.Næringsutvikling	430 000	28	1 000	50 000
Jølster Skisenter AS	2 425 600	1 000	200	0
Andre andelar			5 600	5 600
				3 970 263

Aksjar Jølster Skisenter AS er nedskrive,år 2009 med kr 200 000,

Motteke utbytte 2020

Utbytte ordinære aksjer	kr 10 750
Utbytte Fururum AS	115.762

Note 6 Langsiktig gjeld

Gjeld som forfell seinare enn fem år etter rekneskapsårets slutt	2020	2019
Gjeld til kredittinstitusjonar	34 000 000	10 281 141

Note 7 Pantstillingar

Av selskapet si bokførte gjeld er sikra ved pant	42 500 000	24 381 418
Bokført verdi av eigedelar stilte som sikring for denne gjelda er:		
Tomtar	1 499 390	1 499 390
Bustadeigedommar	1 131 798	1 131 798
Hotelleigedommen	65 207 231	39 459 324
Tekniske installasjonar	7 044 201	9 770 701
	74 882 620	51 861 213

Note 8 Skatt

	2020	2019
Skattekostnaden i året er fordelt på:		
Betalbar skatt dette år	328 832	1 705 929
Fir mykje avsett		
Endring utsett skatt	-432 204	-514 182
Sum skattekostnad	**-103 372**	**1 191 747**
Berekning av årets skattegrunnlag:		
Resultat før skatt	-400 721	5 519 320
Permanente forskjellar	-69 150	-102 287
Endring i midlertidige forskjellar	1 964 560	2 385 063
Underskot til framføring		-47 871
Grunnlag for betalbar skatt	**1 494 689**	**7 754 225**
Midlertidige forskjellar:		
Anleggsmidlar	-16 175 736	-14 476 160
Gevinst og tapskonto	1 059 932	1 324 916
Grunnlag for utsett skatt/skattefordel	-15 115 804	-13 151 244
Utsett skattefordel- 22%	-3 325 477	-2 893 273
Betalbar skatt i balansen		
Betalbar skatt	328 832	

Note 9 Aksjekapital , eigenkapital og aksjeeigarinformasjon

	Tal	Pålydande	Bokført
Aksjekapitalen består av ein aksjeklasse	18 528	500,-	9 264 000
Alle aksjane har lik stemme- og utbytterett.			

	Aksjekap	Annen EK	Sum
Eigenkapital 01.01.	9 264 000	33 003 613	42 267 613
Årets resultat		-297 349	-297 349
Avsett til utbytte			
Eigenkapital 31.12.	9 264 000	32 706 264	41 970 264

Oversikt over dei største aksjeeigarane per 31.12.20

	aksjar	andel
FGH-Invest AS	12 669	68,38 %
Klakegg Eiendom AS	724	3,91 %
Ida og Guttorm Berqvam	697	3,76 %
Torbjørn Berqvam	450	2,43 %
Sum	14 540	78,48 %
Øvrige	3 988	21,52 %
Totalt tal aksjar 18528 a kr 500	18 528	100,00 %

Aksjar eigde av styremedlemmer.

Namn	Verv	Tal aksjar
Per A. Storegjerde	styreleiar	20

Note 10 Verknad av Covid-19 pandemien

Nedgang i omsetninga i 2020 skuldast redusert leigeinntekt fra Scandic, som har hatt nedgang i inntekter grunna pandemien. Vi har førebels ingen grunn til å tru at dette vil få vesentlege konsekvensar for selskapet sin likviditetsrisiko

Til generalforsamlinga i Sunnfjord Hotell AS

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Sunnfjord Hotell AS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg

dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til
https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag *(ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon»*, meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Førde, 20. mai 2021
PricewaterhouseCoopers AS

Jan Flølo
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Securely signed with Brevio

Revisjonsberetning

Signers:

Name	*Method*	*Date*
Fløio, Jan	BANKID_MOBILE	2021-05-20 15:46

This document package contains:

- Closing page (this page)
-The original document(s)
-The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.